

---

Saknr: 2020/1352-1  
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.01.2020

## Val av eksterne medlemmer til styret for Regionalt forskingsfond Vestland

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet nemner opp desse eksterne medlemene til styret for Regionalt forskingsfond Vestland

#### Medlemer:

- Ole Gunnar Søgner, Høgskulen på Vestlandet. Dr. ingeniør, særleg kompetanse innan energi.
- Anne Lise Fimreite, Universitetet i Bergen, Professor (statsvitar), forskar på offentlig sektor
- Kristine Kopperud Timberlid, Innovasjon Noreg, avdelingsleiar Sogndal. Master EU pol.
- Stein Harald Hjeltnes, leiar Njøs næringsutvikling as, Leikanger. Dr. scient. frukt og bær.

#### Varamedlemer:

- Eirik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, PhD, teknologi - vara for Søgner.
- Kjartan Sandnes, Biomega As, Dr grad - Marin sektor. Gründererfaring - vara for Hjeltnes.
- Frode Kyrkjebø, dagleg leiar i KS Vest, Førde, Master i informatikk - vara for Fimreite
- Inger Margrethe Graves, Xylem lcc/ Aanderaa Instruments. Bergen. Master science - vara for Timberlid

#### Observatør:

- Rigmor Fardal, Noregs forskingsråd, Regionansvarleg Vestland, arbeidsstad Bergen. Møter fast.
- Merete Lunde, Noregs forskingsråd, Regionansvarleg Vestland, arbeidsstad Sogndal. Vara for Fardal.

2. Styrehonorar følgjer satsane for politiske utval i Vestland fylkeskommune og kostnad ved reiser til styremøta vert dekkja etter fylkeskommune sine satsar for tenestereise.

## Samandrag

*Hovudutval for Næring, Innovasjon og Naturressursar* vedtok i møte 2. desember 2019 at styret for Regionalt forskingsfond Vestland skal ha 7 medlemmer, tre politiske og fire eksterne.

*Valnemnda innstilte og fylkestinget valde i møte 18. desember 2019 dei politiske representantane til styret for Regionalt forskingsfond Vestland med vara, og gav fylkesutvalet fullmakt til å nemne opp resten av styret.*

4

I saka vert det fremja forslag til 4 eksterne kandidatar til styret samt ein observatør. Det er også foreslått vara for desse.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Regionale forskingsfond (RFF) har sidan 2010 vore eit regionalt verkemiddel for å stimulere til forskingsbasert innovasjon. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har fram til og med 2019 vore saman i RFF Vestlandet, som er eitt av sju regionale forskingsfond. Dei regionale forskingsfonda har si eiga heimeside med utfyllande informasjon om ordninga <https://www.regionaleforskningsfond.no>

Stortinget har vedteke at det frå 2020 kan vere eit regionalt forskingsfond i kvar fylkeskommune. Regionalt forskingsfond Vestland vert eit av 11 nye regionale forskingsfond i Noreg.

Frå 2010 har eigne retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet vore styrande for ordninga med Regionale forskingsfond. Kunnskapsdepartementet har med verknad frå 1. januar 2020 vedteke ei forskrift om dei regionale forskingsfonda. Denne erstattar dei tidlegare retningslinjene. I forskrifta er det opna for at den enkelte fylkeskommune sjølv vel modell for styring og forvaltning.

### Styringsmodell og politisk representasjon i styret

Hovudutval for Næring, Naturressursar og Innovasjon vedtok styringsmodell for Regionalt forskingsfond Vestland i møte 2. desember 2019, og gjorde slikt vedtak:

1. Vestland fylkeskommune opprettar eit eige styre for Regionalt forskingsfond Vestland med politisk representasjon frå Vestland fylkesting og med eksterne medlemmer.
2. Funksjonstida for styret er fire år som fell saman med inneverande fylkestingsperiode.
3. Styret i RFF Vestland skal ha 7 medlemmer, 3 politisk (2 frå koalisjon og 1 frå opposisjonen) og 4 eksterne medlemmer. Valnemnda innstiller.

Fylkestinget valde i møte 18. desember 2019 å nemne opp dei politisk medlemene til styret, og gjorde slikt val:

Leiar for styret, Jon Askeland  
Nestleiar for styret, Tor Andre Ljosland  
Medlem, Jana Midelfart Hoff

1 varamedlem, Natalia Golis  
2 varamedlem, Terje Sletten Hansen  
3 varamedlem, Rasmus Laupsa Rasmussen

Fylkestinget vedtok vidare å gi fylkesutvalet fullmakt til å nemne opp dei eksterne medlemene.

### Framlegg til eksterne medlemmer og eksterne vara til styret samt observatør

I arbeidet med å finne gode kandidatar til styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet er det lagt vekt på ei samansetting som tek i vare omsyn til samfunnsforståing, erfaring frå næringsliv og næringsutvikling, forskingskompetanse og erfaring frå offentleg sektor. Vidare er det teke omsyn til geografisk tilhøyring og fordeling av kjønn.

Fylkesrådmannen fremjar følgjande forslag til eksterne medlemmer med vara til styret for Regionalt forskingsfond Vestland:

#### Medlemer:

Ole Gunnar Søgner, Høgskulen på Vestlandet. Dr. ingeniør, særleg kompetanse innan energi.  
Anne Lise Fimreite, Universitetet i Bergen, Professor (statsvitar), forskar på offentleg sektor  
Kristine Kopperud Timberlid, Innovasjon Noreg, avdelingsleiar Sogndal. Master EU pol.  
Stein Harald Hjeltnes, leiar Njøs næringsutvikling as, Leikanger. Dr. scient. frukt og bær.

#### Varamedlemer:

Eirik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal, PhD, teknologi - vara for Søgner.  
Kjartan Sandnes, Biomega As, Dr grad - Marin sektor. Gründererfaring - vara for Hjeltnes.  
Frode Kyrkjebø, dagleg leiar i KS Vest, Førde, Master i informatikk - vara for Fimreite

Inger Margrethe Graves, Xylem Icc/ Aanderaa Instruments. Bergen. Master science - vara for Timberlid

**Observatør:**

Rigmor Fardal, Noregs forskingsråd, Regionansvarleg Vestland, arbeidsstad Bergen.  
Møter fast.  
Merete Lunde, Noregs forskingsråd, Regionansvarleg Vestland, arbeidsstad Sogndal.  
Vara for Fardal.

Administrasjonen har vore i kontakt med alle kandidatane som er fremja og har fått positiv tilbakemelding.

**Møtehonorar og dekning av reisekostnad**

Det vert fremja forslag om at styrehonorar følgjer satsane for politiske utval i Vestland fylkeskommune, og at kostnad ved reiser i samband med styremøta vert dekkja etter fylkeskommune sine satsar for tenestereise.

**Vedtakskompetanse**

Fylkestinget har vedteke at val av eksterne medlemmer skal skje i fylkesutvalet.

**Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Ordninga med regionale forskingsfond er finansiert med øyremerka overføring frå Kunnskapsdepartementet. Av denne kan ein nytte midlar til administrasjon av fondet.

**Klima:** RFF Vestlandet har over fleire år støtta forskingsprosjekt med sikte på ei meir berekraftig utvikling av privat og offentleg sektor. Bestillinga for neste valperiode vil avgjere tema.

**Folkehelse:** Regionale forskingsfond har over fleire år støtta forskingsprosjekt innan dei kommunale og fylkeskommunale ansvarsområda, mellom anna innan folkehelse. Bestillinga for neste valperiode vil avgjere tema.

**Regional planstrategi:** Den politiske bestillinga og handlingsplanen for Regionalt forskingsfond Vestlandet har vore forankra i regional planstrategi. Slik er det venta å vere også frametter.

**Konklusjon**

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon nemner 4 eksterne representantane med vara til styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet og ein observatør frå Noregs forskingsråd - også med vara.